

Døsjagrovi kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå søkjar Luster Småkraft AS

31.03.2023

Bystøl AS/Lisbeth Langbakk

Innhald:

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til kvar høyringsuttale**
- 3. Vedlegg**

1. Generelt

Søknad om konsesjon etter vassressurslova om å byggje Døsjagrovi kraftverk like sør for tettstaden Luster i Luster kommune, Vestland Fylke, har vore ute på offentleg høyring. NVE har motteke 6 høyringsuttalar til søknaden og oversendt desse til søkjar, Luster Småkraft AS, for kommentar. Høyringsuttalane har vore gjennomgått av Bystøl AS, som tidlegare har utarbeidd søknaden på oppdrag for søkjar.

2. Kommentar til kvar høyringsuttale.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
1	Statsforvaltaren i Vestland	- Ei utbygging vil auka dei negative konsekvensane i høve til tilstanden i dag, men vil òg gi eit relativt høgt årleg energiutbytte. - Vi legg til grunn at alle tiltak blir planlagt med minst mogleg nye inngrep i natur og dyrka mark, at det blir stilt krav om god terrengtilpassing for alle anlegg, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. - Det er friluftsjntresser knytt til elvestrekninga, og det er indikasjonar på at vasstilknytt flora er påverka av dagens kraftverksdrift. Vi reknar òg med at fugleartar som fossefall, strandsnipe og vintererle kan hekke, eller i alle fall drive næringssøk, ved/i elva. Ut frå dette bør det vurderast å heve minstevassføringa om sommaren til 5-persentilnivå.	- ok - For å begrense behovet for nye inngrep er det lagt vekt på å la ny røyrgate følgje dei gamle røyrgetetraséane og inntaksdammen vert ein opprusting av eksisterande inntak og dam ved Røssesete. For permanent tilkomst til inntak og stasjon kan ein bruka eksisterande vegar i området. Etter at røyrkata er ferdig nedgraven vert terrenget tilbakeført og revegetert, dette gjeld og midlertidige anleggsvegar langs røyrtraséen. Det er venta at arealet etter ei tid vil gro til som terrenget omkring. Det stadlege topplaget, som blir lagt til side under anleggsdrifta, vert lagt tilbake. For å ivareta ein mest mogeleg miljøvenleg profil, vert det lagt stor vekt på terrengmessig tilpassing av konstruksjonane tilknytt anlegget; kraftstasjon, inntak og dam. - Vi vurderte konsekvensen for brukarinteresser til ubetydeleg i driftsfasen, bruken av området til friluftsliv kan ikkje etter vår meining knytast til elvestrekningen. Det ligg ei lysløype under Harastølen, denne kjem ikkje i konflikt med tiltaket, elles er det helst vegane i området som er nytta til tur og trening. Det er ikkje fiskeinteresser i elva. <i>Informasjonen om fugl og pattedyr er mangelfull, men basert på forholdene i området, med fattig vegetasjon og lite variasjon i habitater, vurderes det å være lite sannsynlig at det finnes spesielt verdifulle funksjonsområder for disse organismegruppene i influensområdet</i>, utdraget er henta frå konsekvensutredning for naturmangfold utarbeida av rådgivende. Biologer AS som følgjer søknaden. Det er ikkje identifisert

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		- Det skisserte hovudalternativet med kraftverksavløp direkte i elva vil vere å føretrakkje, sidan det vil gi eit naturleg elveutløp i fjorden. - Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.	vesentlege naturverdiar knytt til elva, og med tanke på at elva over lang tid har vore regulert held vi fast ved at foreslått minstevassføring på 150 l/s i sommarhalvåret og 40 l/s er tilstrekkeleg. -Ok -Ok
2	Vestland fylkeskommune	- Det er lange tradisjonar for å produsere kraft i Døsjagrovi og Luster. Det er viktig at dette tiltaket bidreg til å vidareføre aktiviteten utan å forringe historia som ligg der. Det må takast spesielle omsyn til dei kulturminneverdiane som ligg i dette landskapet. Vestland fylkeskommune er positive til tiltaket, men ber om at ny røyrgate ikkje leggjast slik at ho kjem i konflikt med dei gamle røyrгатетрасэane til kraftverka knytt til Harastølen og til gamle Døsen kraftverk.	-Samtidig som Vestland fylkeskommune her utdjup at røyrгата ikkje må leggjast slik at ho kjem i konflikt med dei gamle røyrгатетрасэane, legg statsforvaltaren i Vestland til grunn at tiltaket blir planlagt med minst mogleg nye inngrep i natur og dyrka mark. Vi stiller oss undrande til at ny røyrгата ikkje må komme i konflikt med dei gamle røyrгатетрасэane til kraftverka knytt til Harastølen. Dette er ei røyrгата i plast som ligg oppå terrenget. Dei gamle kraftstasjonane og røyrгата inn mot desse vert ikkje berørt. Når det kjem til gamle Døsen kraftverk, vert inntaket ved Harastølen og dei øvste om lag 250 meter av røyrtraséen ikkje råka av prosjektet. Røyrгата går vidare ned lia over eit lengre parti i ein oppmura trasé. Ny røyrгата er her planlagt å i stor grad følgje røyrгата til Døsen kraftverk ned til den nye kraftstasjonen. Røyrгата ligg her med ei god tilpassing til eksisterande terreng. Skal ein bevege seg bort frå eksisterande røyrtrasé må ein fort flytte seg 10-15 m sidevegs for å unngå konflikt i samband med arbeidet. Somme stader kan ein klare å unngå konflikt og somme stader vert det vanskeleg. Det vert lagt

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søker
			vekt på å ta vare på eksisterande røyrtrasè der ein kan, og då vil ein prioritere den oppmura delen av røyrtraséen. Viser til vedlegg (figur 1) som er eit utsnitt frå detaljert kart i søknad, frå om lag pel 150 til pel 400 ser ein gode moglegheiter for å flytte seg bort frå og unngå konflikt med den oppmura eksisterande røyrtraséen, dette er illustrert med ei gul stipla linje. Bilete frå dette området er også vedlagt (bilete 1).
3	Statnett	-Statnett har ingen merknader til søknaden utover at vi tidligere har vurdert om det er driftsmessig forsvarlig å knytte til Døsjagrovi kraftverk i transmisjonsnettet. Det er driftsmessig forsvarlig å knytte til Døsjagrovi på 5 MW etter at Statnett har gjennomført tiltak i transmisjonsnettet. Vi har vurdert temperaturoppgradering av 300 kV-ledningen Sogndal-Leirdøla-Fortun sammen med systemvern for produksjonsfrakopling. Disse to tiltakene gir tilstrekkelig kapasitet. Vi har derfor reservert kapasitet under forutsetning av at Døsjagrovi starter byggearbeidene.	-Ok
4	Håkon Fuhr	- Viser til restriksjoner pålagt grunneigarar langs røyrgate trase. I mitt tilfelle vil denne restriksjonen hindra meg i å reetablere gran/furuskog på ein fire meter brei trase der røyrgate kryssar min eigedom. Ein slik ulempe bør utløysa ein årleg erstatning. - I konsesjonssøknad er høve til kryssing av røyrgate med traktor, hogstmaskin med mer ikkje omtalt. Ved framtidig drift og stell av skogen min, må eg kunne køyre skogsutstyr over den nedgravde vannrøyr.	-Privatrettslege forhold vert avklart direkte mellom anleggseigar og grunneigar. -Røyrgate vil ikkje sette begrensing for deg i å bruke traktor, hogstmaskin og anna skogsutstyr i området.
5	Torkjell B. Lavoll	- Det blir trekt fram at Luster Småkraft as er lokalt eigd. Dette gjeld Luster energiverk som eig 50% av Luster Småkraft as. Men	-Det vert i søknaden trekt fram at Luster Energiverk AS som eig 50 % av Luster Småkraft AS er eigd lokalt. Det meste av verdiskaping i

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		Småkraft AS som eig dei resterande 50% av Luster småkraft er, so langt vi ser ut frå informasjon på www.proff.no, eigd av tyske Aquila Capital og nederlandske Aceh. Det betyr slik vi forstår det at halvparten av verdien av tiltaket + halvparten av inntektene framover går til desse. - Vidare blir det trekt fram at bygginga vil gje lokal verdiskaping. Den entreprenøren/ leverandørane som er billigast / mest erfarne får truleg jobben og dei er ikkje nødvendigevis lokale. - Vi og fleire husstandar har eige trykkvatn med inntak i området der avløpsrøyrer blir lagt. Det må lagast til ei god midlertidig løysing under bygging og ny god løysing etter at trassen er ferdig. Kummar og leidningsnett som råkast må erstattast med like god eller betre løysing og infrastruktur som i dag. Det må og leggst til rette for at det er framkommeleg langs vassleidningane for inspeksjon og service - Det er svært bratt der avløpsrøyrer er planlagt plassert. Vi er svært bekymra for ras. Det gjekk ras bak huset på nittitalet som knuste bislaget. Det står i søknaden at det ikkje er registrert skredhending, dette stemmer altso ikkje. - Det vil vere fare for liv og helse både for dei fastbuande, men også for dei som skal utføre jobben.	regi av Luster Energiverk AS vert derfor verande i Luster kommune. Det er riktig at Småkraft AS som er den andre aksjonæren har utanlandske eigarar. -Erfaringsmessig bidreg slike prosjekt til lokal verdiskaping, i form av auka sal av varer og tenester i nærområdet i anleggsfasen, men og i driftsfasen i samband med tilsyn og vedlikehald. Når det kjem til val av utførande entreprenørar i samband med utbygginga, vil lokale entreprenørar ha eit konkurransefortrinn grunna nærheit og kjennskap til prosjektet og prosjektområdet, men det er likevel ingen garanti for at dei får jobben. -Ok -Det er i søknaden referert til NVE si oversikt over registrerte skredhendingar (atlas.nve.no) Her er det ikkje registrert skredhending i området. -Risikovurdering vert utført før oppstart og heldt oppdatert gjennom prosjektperioden. Denne skal ivareta sikkerheita for dei utførande, men også tredjepart. Sikker jobb analyse vert utført for arbeidsoperasjonar av spesiell risiko.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		- Kva blir gjort for å sikre at det ikkje går ras utløyst av bygging av avløpsrøyret? - Kva vil bli gjort for å hindre uønskt avrenning av vatn og slam utløyst av bygging av avløpsrøyret? - Kvar kjem dei skildra mellombelse tilkomstvegane for å grave ned avløpsrøyret? - Kortid ser ein for seg å byrje arbeidet med avløpsrøyret og kor lang tid vil de ta? - Vi motsetter oss det alternative forslaget om å føre vatnet ut i Frudamsgrovi.	-Risikovurderinga vil presisere tiltak for arbeidsoperasjonar med risiko - Risikovurderinga vil presisere tiltak for å hindre uønskt avrenning. Avløpsrøyret vert lagt frå nordaust mot sørvest og under arbeidet vil ein ha drenering mot nordaust. -Mellombels tilkomstveg vil følgje traséen for avløpsrøyret. -Oppstarttidspunkt er uavklart. Byggetida er estimert til om lag 4 månader. - Ok. Hovudalternativet er å føre vatnet tilbake til Døsjagrovi.
6	Hans H. Urdahl	- Kan det vere slik at Småkraft AS ikkje erkjenner at me har rett til å ta ut vatn frå Døsjagrovi? - Vår rett til å ta ut vatn i Døsjagrovi vart godt opplyst i førre konsesjonsrunde for Døsjagrovi (2007-2014). Når no den nye konsesjonssøknaden (2022-2023) ikkje nemner våre vassrettar med eitt einaste ord, blir me overraska og bekymra for vår gamle rett å ta vatn i Døsjagrovi. - Søknaden legg til grunn ei minstevassføring på 150 l/sek om sommaren. Me har sett mange ganger at sjølv når det renn mykje vatn over demningen på Røssesete (kote740) forsvinn vatnet raskt i grunnen nedanfor demningen sidan elvefaret for det meste ei ur. Sjølv om minstevassføringen no er sett til 150	- Småkraft AS erkjenner at de har rett til å ta ut vatn frå Døsjagrovi -Dette vart dessverre utegløymt i søknaden. Tidlegare avtala rettar gjeld framleis. -Uttaket for vatn kan flyttast til inntaksdammen


Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		I/sek so er me bekymra for at det er lite eller ingenting av vatn att når me kjem ned på Krekaflaten (kote 650) -Me vil også ta med at Sausveiti som vart bygd for 150 år sidan burde vere a rekna som eit kulturminne som må sikrast mot ytterlegare forfall/skade. - Me krev at utbyggjaren av Døsjagrovi anerkjenner den retten me har til vassforsyning frå reguleringsområde i samsvar med eldre avtaler. Utbyggjar må påleggjast å sikra oss ein jamn og regelmessig tilgang på vatn frå Døsjagrovi, ved at me får leggja ein 2 ½ toms (75mm) plastslange ved inntaket på Røssesete, kote 740.	-Sausveiti kjem ikkje i konflikt med tiltaket. -Inngåtte avtaler gjeld framleis.

31.03.2023

For søkjar Luster Småkraft AS

Bystøl AS

Lisbeth Langbakk



Figur 1 Utdrag frå detaljert kart som følgjer søknaden. Gul linje illustrerer kvar ein ser gode moglegheiter for å forskyve ny røyrtrasè for å bevare eksisterande oppmura røyrtrasè tilhøyrande gamle Døsen kraftverk (merka grått). Blå linje er trasèen slik den er beskrive i søknaden.



Bilete 1 Bilete viser den oppmura eksisterande rørtraséen tilhøyrande gamle Døsen kraftverk ved om lag PEL 300 (viser til figur 1). I dette området ser ein moglegheiter for å unngå konflikt med den gamle rørtraséen ved legging av ny rørgate.